



Årdal Arbeidarparti

Fridom
Likskap
Solidaritet



Me vil utvikla
Årdal!

Arbeiderpartiet

Me vil utvikla
Årdal!

ME YNSKJER DI
STEMMA

Hilmar og Anne

10 gode grunnar til å røyste på Årdal Arbeidarparti

1. Eit trygt organisert arbeidsliv med heile faste stillingar og ei kommunal vikarteneste.
2. Trygge og gode barnehagar og skular for alle.
3. Påvirka til utvikling og modernisering av Hydro, NorSun og lokal industri.
4. Legge til rette for integrering og gode møtestader i Årdal.
5. Arbeide for rassikring og god vinterberedskap på FV 53 Fodnes – Tyin.
6. Legga til rette slik at alle har høve til å leva eit aktivt liv i Årdal gjennom idrett, kultur og for friviljuge lag og organisasjonar.
7. Arbeide for at kraft som er produsert i Årdal og Fortun vert brukt til industrielle formål i Årdal.
8. Etablere eit enøk-fond med 5% av utbytte frå Årdal Energi Holding.
9. Arbeide for å utjamne sosiale skildnadene, og sikra alle lik rett til helse- og sosialtenester. Alle som har behov for det, skal få omsorgstenester tilpassa sitt behov.
10. Samarbeide med næringslivet og Årdal Teknologipark for å utvikle Årdal vidaregåande skule.

Årdal Arbeidarparti sitt verdigrunnlag

Retten til arbeid og retten til å yte etter evne er grunnleggjande. Difor er arbeid til alle er ei kjernesak for Årdal Arbeidarparti. Arbeid gjev økonomisk tryggleik, og høve til å utvikle eigne evne. Me vil prioritera å få unge inn i aktivitet, utdanning og arbeid. Skal me få vekst i kommunen må me trygge eksisterande og utvikle nye arbeidsplassar. Difor vil me ha ein aktiv næringspolitikk. Privat næringsutvikling er naudsynt for samfunnsutviklinga. For Arbeidarpartiet er det viktig at det offentlege og private næringsutviklingsarbeidet skjer i samspel med kvarandre.

For Arbeidarpartiet er det viktig å inkludere alle i samfunnet, uavhengig av kjønn, seksuell legning, funksjonsevne og etnisitet. Alle har noko å bidra med, og me må sikra at alle får brukt sine ressursar i daglelivet. Årdal Arbeidarparti meinar det er ei sams oppgåve for alle å kjempa mot rasisme, hatefulle idear og haldningar.

For Årdal Arbeidarparti er trepartsamarbeidet avgjerande for å styrkja tenestetilbodet. Me vil prioritera heile og faste stillingar til alle som ynskjer det. Og me vil styrkja arbeidsplassar som læringsarena med tilbod om etter- og vidareutdanning.

Årdal Arbeidarparti ynskjer nok lærarar i skulen og tilsette i barnehagane, som med sin kunnskap og kompetanse ser kvart einskild barn og elev sine behov. Dette trur me vil bidra til auka meistringskjensle og at enda fleire elevar lukkast i skulen.

Alle eldre skal ha ein trygg og god alderdom. Eldreomsorg handlar om å vera sjef i eige liv. Me vil ha ei omsorgsteneste som gjev kvar einskild tryggleik. Trygge menneske skapar trygge samfunn. Difor skal Årdal Arbeidarparti føre ein politikk som sikrar alle lik rett til helse- og sosialtenester.

Årdal Arbeidarparti vil prioritera dagaktivitetstilbod for personar med demens. Me vil arbeide for etablering av aktivitetsvenner til personar

med demens. Folkehelsearbeid i ein kommune er samfunnet sin samla innsats for å oppretthalde, betre og fremja innbyggjarane si helse. Årdal Arbeidarparti er opptekne av auka levealder og god helse for alle. Og at flest mogeleg har høve til å leva eit aktivt liv i Årdal. Me vil arbeide for å styrke fritids- og aktivitetstilbod til personar med nedsett funksjonsevne.

**Me vil ta Årdal vidare - Me vil stille krav - Me vil stille opp
- Me vil sameine alle gode krefter**

Naturressursane er grunnlaget for ein stor del av Årdal si verdiskaping, og dei vil vera svært viktige òg i framtida. Det er vår ideologi at desse ressursane hører til i fellesskapet, og at dei skal gje lokal verdiskaping, samt utvikla eit berekraftig lokalsamfunn. Årdal Arbeidarparti ynskjer å marknadsföra, styrka og synleggjera kvalitetane me har. Det å vere opne og inviterande for omverda fører til meir inkludering.

For Årdal Arbeidarparti er natur og klima ramma rundt all politikk. Me vil ha ein rettferdig klimapolitikk som kuttar utslepp, me skal vera miljøvennlege og prioritera effektivt energibruk og bygga på ein klimavennleg måte. Me må bremsa klimaendringane og ha gode planar for klimaendringar og verna om vår verdifulle natur. Årdal Arbeidarparti vil arbeide for å innföra klimabudsjet -og rekneskap med konkrete mål om utsleppskutt i tråd med Parisavtalen. Me vil arbeide for trygg og grøn mobilitet gjennom kollektivtransport og på gang og sykkelvegar. Me vil arbeide for ein sirkulærøkonomi der satsing på vedlikehald og oppgradering er viktig. Samt leggja til rette for gjenbruk og utlånsordningar. Årdal Arbeidarparti ynskjer at Årdal kommune skal vera ein føregangskommune i det grøne skifte. Ny digital teknologi endrar arbeidslivet vårt og gjev moglegheiter for nye næringar til å vekse fram. I framtida er dei tryggaste arbeidsplassar dei som er berekraftige og raskt tek i bruk ny teknologi.

— Årdal og «omverda» —

ÅRDAL ARBEIDARPARTI VIL:

- Arbeide aktivt for å synleggjere Årdalssamfunnet sine kvalitetar som bustadkommune.
- Tilflyttarkontoret skal vidareførast som ei varig ordning. Arbeide for at dette vert eit samarbeid mellom privat og offentleg sektor.
- Legge tilrette for bustadbygging
- Utvikle Årdal som nasjonalparkkommune.

— Samferdsle —

ÅRDAL ARBEIDARPARTI VIL:

- Arbeide for forlenging av Finnsåstunnelen, rassikring og standardheving FV53 Årdalstangen–Naddvik
- Arbeide for å halde oppe vinterberedskapen på FV 53 Årdal–Tyni.
- Arbeide for serviceskilt og skilting inn til Årdal, skal synleggjere oss som Nasjonalparkkommune.
- Arbeide for å utbetre standarden på den fylkeskommunale delen av Fardalsvegen.
- Arbeide for god kollektivtransport mellom tettstadane, og tettstadane og dalane.
- Arbeide for raskare utbygging av DAB/naudnett i alle tunnelane på FV53.

— Arbeids- og næringspolitikk —

ÅRDAL ARBEIDARPARTI VIL:

- Oppretthalde Årdal Utvikling som ei kommunal stifting med hovudansvar for nærings- og tiltaksarbeidet i kommunen.
- Marknadsføre kommunen som attraktiv for nærings- og tiltaksarbeidet i tett samarbeid med næringslivet.
- Marknadsføre og vidareutvikle Årdal sin status som ein sentral del av Grøn Region Vestland
- Arbeide aktivt for å vere ein god vertskommune for Hydro og Norsun.
- Legge til rette for vidare utvikling av lokalt næringsliv.
- Arbeide for å få fleire gründerar/etablerarar og kompetansearbeidsplassar i Årdal.
- Arbeide for å få etablert Årdal Industripark.

- Arbeide aktivt for å utvikle Årdal som turistmål.
- Arbeide for at Årdal kommune skal marknadsførast som Nasjonalparkkommune.
- Arbeide for fleire arbeidsplassar som er attraktive for kvinner.
- Arbeide for å behalde og utvikle offentlege arbeidsplassar i Årdal.
- Legge til rette for næringsareal i kommunen ved behov.
- Legge til rette for arbeidsplassar til alle uavhengig av funksjonsevne.

— *Energi, klima og miljø*

ÅRDAL ARBEIDARPARTI VIL:

- Arbeide for at konsesjonskrafta framleis skal vere rimeleg for næringsliv og hushaldningane.
- Arbeide for at kraft som er produsert i Årdal og Fortun vert brukt til industrielle formål i Årdal.
- Arbeide for å utbetre eksisterande linjekapasitet.
- Arbeide for nye kraftlinjer 420 kV.
- At ein skal ta vare på massane ved tunneldrift og liknande, og nytte desse som ein ressurs.
- Sikre avsetting til miljøfond.
- Etablere eit enøk-fond med 5% av utbytte frå Årdal Energi Holding.
- At kommunen skal kartlegge alle kommunale bygg for enøk-tiltak.
- At innbyggjarane i Årdal skal få rettleiing om aktuelle enøk-tiltak og støtteordningar.
- Arbeide for at Årdal vert eit trygt og klimarobust samfunn i eit endra klima
- Arbeide for ny fornybar kraftproduksjon.
- Arbeide for lik nettleige i heile landet

— *Likestilling og solidaritet*

ÅRDAL ARBEIDARPARTI VIL:

- Arbeide for å motverke intoleranse, rasisme og sosial dumping.
- Arbeide for å synleggjere at likestilling er viktig for alle.
- Arbeide for at kvinner og menn lettare kan kombinere arbeid og omsorg.

- Legge til rette for integrering og gode møtestader i Årdal.
- Arbeide for lik løn for likeverdig arbeid.
- Legge til rette for å ta imot flyktningar på ein verdig måte.

— Omsorg og Helse —

ÅRDAL ARBEIDARPARTI VIL:

- Arbeide for eit heilskapeleg og brukarvenleg tenestetilbod, slik at dei som ønskjer det skal få bu og motta tenester i heimen.
- Arbeide for rett til sjukeheims plass med einerom.
- Arbeide for å auke grunnbemanning i omsorgstenestene.
- Styrke dagtilboden og avlastning for personar med demens.
- I samband med nytt Omsorgssenter, etablere eit dagsenter.
- Arbeide for stabile legetenester.
- At all til komst og bruk av fritids- og aktivitetstilbod, skal ha universell utforming.
- Arbeide for at foreldre som har born med nedsett funksjonsevne får avlastningstilbod.
- Arbeide for ein aktivitør i omsorgstenestene.
- Vere aktiv i det rusførebyggande arbeidet blant born og unge i faresona for rusavhengigkeit.
- Arbeide for logopedteneste som ei kommunal teneste

— Folkehelse —

ÅRDAL ARBEIDARPARTI VIL:

- At flest mogeleg har høve til å leva eit aktivt liv i Årdal gjennom å legga til rette for idretten og friviljuge lag og organisasjonar.
- Førebygge skade, ulukke og kriminalitet gjennom Årdal Tenk Tryggleik
- Vidareføre den førebyggande ordninga med tryggleiksbesøk.
- Oppretthalde Frivilligsentralen i Årdal.
- Oppretthalde eldresentra med brukarråd og sjølvstyre som i dag.
- Arbeide for utarbeiding av ein plan for gang- og sykkelvegar på fylkesvegane i Årdal kommune.
- Arbeide for å gjere friluftstilboda og friluftsområda tilgjengelege for born med nedsett funksjonsevne.
- Vidareføre arbeidet med trygg skuleveg.

— *Oppvekst og kultur* —

ÅRDAL ARBEIDARPARTI VIL:

- Vidareføre rett til barnehageplass til born frå den månaden dei fyller 1 år.
- Sikre tilstrekkelege ressursar til barnevernsarbeidet.
- Arbeide for å tilsette miljøterapeutar i grunnskulen.
- Vere ein ansvarleg barnehage- og skuleeigar som sikrar tilsette med tverrfagleg kompetanse.
- Arbeide for å utvikle det eksisterande undervisningstilbodet ved Årdal vidaregåande skule.
- Samarbeide med næringslivet og Årdal Teknologipark for å utvikle Årdal vidaregåande skule til å få ei meir praktisk retta yrkesfagleg utdanning.
- Arbeide for å legge til rette slik at arbeidstakarar kan ta høgare utdanning parallelt med å «stå i jobb», som td. Industrifagskulen.
- Arbeide for å sikre tilstrekkelege ressursar til kyrkjå si verksemد lokalt, vedlikehald og drift av kyrkjebygg.
- Utvikle drifta av ungdomsklubben.
- Styrke musikk- og kulturlivet, og få utarbeida ein kommunedelplan for kultur
- Arbeide for å samle Farnes skule til ein 1-10 skule i same bygg. I samband med dette få utgreia ein ny barnehagestruktur.
- Arbeide for å styrke vedlikehaldet og utvikle idrettssanlegga.

— *Arbeidsgjærpolitikk* —

ÅRDAL ARBEIDARPARTI VIL:

- Føre ein personalpolitikk som skapar ei god og effektiv kommunal forvaltning, med gode prosessar mellom administrasjon, tilsette og tillitsvalde.
- Legge til rette for vidare- og etterutdanning.
- Arbeide for at alle tilsette skal få tilbod om faste og heile stillingar i Årdal kommune.
- Oppretta ei communal vikarteneste.
- Hindre privatisering av kommunale tenester.
- Styrke ordninga med lærlingar og praksisplassar i kommunen.

Politisk rekneskap 2019-2023

REKNEKAPSPERIODEN OPPSUMMERT:

- Krevjande periode der 2 år har vore prega av pandemi frå 12. mars 2020 og 2021. Faktisk og litt inn i 2022
- Ein økonomisk situasjon som har gjort at kommunen har bremsa på investeringar
- Oppstart av skisseprosjekt nytt omsorgssenter på Årdalstangen
- Har oppretta Tilflyttarkontoret, som har vore med på å stabilisere folketalsutviklinga.
- Igangsett prosjekt for utvikling og omdømme
- Har fått utbetra standarden på den fylkeskommunale delen av Fardalsvegen og asfaltert den kommunale delen
- Lyssett sti frå Børtnes til Bukti
- Ferdigstilling og opning Farnes nye kyrkjegard
- Vern av Lykkja Naturreservat
- Oppgradert parkeringsplass på Hjelle med høve for lading med el-bil med solcelle.
- Ringbusstilboden i Årdal er auka frå 3 til 5 dagar i veka
- I Årdal har me i denne perioden fått innført løpende opptak til barnehagane og auka grunnbemanningsa. I tillegg har me vedteke etter framlegg frå AP at administrasjonen skal gå gjennom heile barnehagesektoren, og levere ei sak til utvalet for oppvekst og kultur der ein greier ut ulike løysingar på utfordringane sektoren står overfor
- At foreldre som har born med nedsett funksjonsevne får og har fått avlastningstilbod
- Auka tal avlastningsplassar i perioden for heimebuande eldre og demente
- Styrka open omsorg, heimesjukepleie og heimeteneste
- Innført årsturnus i nokre av omsorgstenestene og ynskjer å utvikle dette vidare
- Overskot i kommunebudsjettet i heile perioden 2019-2023

SNUDD KOMMUNEØKONOMIEN TIL POSITIVE RESULTAT SOM GJEV:

- Styrking av næringsfondet
 - Auka disposisjonsfondet
 - Gode kommunale tenester
-

AV UTVIKLINGSTREKK I PERIODEN KAN NEMNAST:

Næringsliv

- Vore ein aktiv medspelar i redninga av NorSun
- Vore pådrivar ovanfor utvikling av Hydro i Årdal
- Vore støttespelar i høve etablering og opning av Årdal Teknologipark
- Vore støttespelar i høve etablering og opning av Årdal Visningssenter
- Årdal kommune har fått status som Nasjonalparkkommune

Årdal kommune

- Gjorde vedtak i kommunestyret på at Årdal kommune blir fullverdig medlem av SIMAS IKS
- Gjorde vedtak i kommunestyret om pilotprosjekt innan koding og programmering for alle klassetrinn i grunnskulen i tillegg til 6-åringane i barnehagane.
- Dette prosjektet vert vidareført i 3 skuleår (2023/2024, 2024/2025 og 2025/2026)
- Gjorde vedtak i kommunestyret om tilsetting av idrettskonsulent i nyoppretta stilling
- Gjorde vedtak i kommunestyret om tilsetting av nærværskonsulent i nyoppretta stilling
- Vedtak om mottak av flyktningar utover det IMDI ber Årdal kommune om
- Styrka NAV, Flyktningtenesta og nærværsarbeidet
- Gjorde vedtak i kommunestyret om oppretting av ny ungdomsklubb på Årdalstangen
- Halde fram arbeidet med at alle tilsette skal få tilbod om 100 % stilling i Årdal kommune
- Fokus på prosessar mellom administrasjon, tilsette og tillitsvalte

- Har etablert streaming av møta i kommunestyret og formannskap gjennom Årdal kommuneTV
- Starta eit offensivt prosjekt for å verte ein opnare kommune
- Innført «kjærleiksgarantien»
- Lagt tilrette for etablering av pumptrack i Seimsdalen

Region

- Ferdigstilling av Seimdalstunellen med ein langsiktig strategi frå 2013, fram til vedtak i Regional transportplan og opning juni 2023
- Ferdigstilling Jåtelitunellen med ein langsiktig strategi frå 2013, fram til vedtak i Regional transportplan og opning februar 2022
- Arbeid aktivt for å sikra Årdal vidaregåande skule

Fridom - likskap - solidaritet

Arbeidarpartiet vil utnytte ressursane og moglegheitene i Årdal, og arbeide for arbeidsplassar og busetjing. Me ynskjer eit samfunn med små sosiale og økonomiske ulikskapar, noko som er avgjerande for eit godt fellesskap og auka tillit mellom innbyggjarane. Årdal Arbeidarparti ynskjer eit inkluderande samfunn som motiverer til auka meistringskjensle og førebygger mobbing.

Årdal Arbeidarparti ynskjer at Årdal skal ha ei berekraftig utvikling som handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å øydelegge for korleis framtidige generasjonar skal få dekka behova sine. Årdal Arbeidarparti vil i perioden føra ein ansvarleg økonomisk politikk med opne politiske prosessar.



Vår eigen **Marie Helene Hollevik Brandsdal** står på 14. plass på fylkestingslista. Det er viktig for Årdal og Sogn at me får ei tydeleg røyst inn i fylkestinget. Marie Helene er på kampplass og treng stemma di!

Stem ved fylkestingsvalet.

Følg oss på sosiale medier!



aardalap



Årdal Arbeidarparti



ardalarbeidarparti

Kontaktinfo:

CHRISTIAN SØNSTLIEN

Leiar

Tlf: 476 65 262

Epost: christian.sonstlien@gmail.com

HILMAR HØL

Ordførarkandidat

Tlf: 902 01 564

Epost: hilmar.hol@ardal.kommune.no

ANNE KAUPPI

Varaordførarkandidat

Tlf: 911 20 643

Epost: anne.kauppi@ardal.kommune.no

Kandidatar

— 2023-2027 —

1



Hilmar Høl
f.1969

2



Anne Kauppi
f.1965

3



Christian
Sønstlien
f.1989

- | | | |
|-----|---------------------------------|---------|
| 4. | Marie Helene Hollevik Brandsdal | f. 1976 |
| 5. | Kirsti Eklund | f. 1953 |
| 6. | Morten Skarsbø | f. 1985 |
| 7. | Bodil Selland Nordnes | f. 1969 |
| 8. | Tor Erik Sveen | f. 1976 |
| 9. | Anita Hagen Lægreid | f. 1980 |
| 10. | Jasmin Eminovic | f. 1977 |
| 11. | Reidun Fodnes | f. 1969 |
| 12. | Gaute Løseth | f. 1981 |
| 13. | Line Hillestad | f. 1990 |
| 14. | Malvin Stenehjem | f. 1958 |
| 15. | Hilde Kvale Skarsbø | f. 1980 |
| 16. | Glenn Morten Hestetun | f. 1963 |
| 17. | Siv Aspeseter | f. 1966 |
| 18. | Rune Blikken | f. 1974 |
| 19. | Kari Bjørg Måren | f. 1954 |
| 20. | Jan Tore Hauge | f. 1962 |
| 21. | Ingvill Eldegard | f. 1974 |
| 22. | Jan Inge Buene | f. 1963 |
| 23. | Maja Nilsen Kronstad | f. 1989 |
| 24. | Geir Kjetil Øvstetun | f. 1963 |
| 25. | Diana Søyland | f. 1959 |
| 26. | Kjell Erik Eldegard | f. 1949 |